

SANDØY KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

Kopi til: Ordfører
Revisor
Rådmann

Medlemmane av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I SANDØY KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

Måndag 01.04.2019 kl. 15.45, Sandøytunet

SAKLISTE:

Sak 05/19 - Godkjenning av møtebok frå 11.02.2019

Sak 06/19 - Ny kommunelov – nye reglar på området for kommunen sin eigenkontroll.

Sak 07/19 - Sekretariat for kontrollutvala frå 2020.

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 926 11735 til dagleg leiar eller e-post <mailto:bjorn.tommerdal@sksiks.no>

Svein Ove Søholt
leiar
(sign.)

Sak - 05/19 - Godkjenning av møtebok frå 11.02.2019

KONTROLLUTVALET I SANDØY KOMMUNE

MØTEBOK

Møtedato: 11. februar 2019, kl. 15.45
Møtestad: Sandøytunet

Møtet vart leia av Svein Ove Søholt.

Elles til stades:
Nils Erling Finnøy, Anne Elin Harnes, Liss Anniken Hagen og Jan Kåre Brunvoll.

= 5 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.
Frå kommunerevisjonen møtte Svein Ove Otterlei og Lillian Kristoffersen.
Frå administrasjonen møtte rådmann Anny Sønderland og teknisk sjef Kim Andre Breivik under sak 03/19.

Innkallinga vart godkjent og det var ingen merknader til saklista.

Sak 01/19 - Godkjenning av møtebok frå 26.11.2018

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 26. november 2018 blir godkjent.

Sak 02/19 - Forvaltningsrevisjonsrapport «Arbeidsmiljø i Sandøy kommune»

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 4. februar 2019

Leiar Svein Ove Søholt fremma på vegne av kontrollutvalet følgjande endringsforslag:

I sakspapira under punktet «Kontrollutvalet i Sandøy sin uttale til kommunestyret: 3. avsnitt, 2. setning står det i forslag til uttale: Rapporten har avdekka at det kan være en frykt kultur i organisasjonen...». Denne setninga erstattast med følgjande: «Rapporten har avdekka at det kan vere krevjande å seie ifrå i organisasjonen...».

Vidare foreslo leiar å stryke siste avsnitt i forslag til uttale.

Forslaga frå Svein Ove Søholt blei samrøystes vedtekne, og vedtaket frå Sandøy kontrollutval som innstilling til kommunestyret lyder som følgjande:

Kontrollutvalet i Sandøy sin uttale til kommunestyret:

Sandøy kommune er ei lita kommune, der stort sett alle kjenner alle. Dei fleste har relasjonar til kvarandre gjennom eitt eller fleire område som omgangskrets og slektskap o.l. Likevel er organisasjonen «Sandøy kommune» den største arbeidsplassen i Sandøy med i alt 190 tilsette, fordelt på 120 årsverk.

Opplysningane til rapporten er henta frå: rådmann, 6 einingsleiarar, 6 verneombod, hovudverneombodet, leiar i arbeidsmiljøutvalet, 6 hovudtillitsvalde og 13 arbeidstakarar.

Rapporten skil ikkje mellom dei 6 einingane, slik at ein ikkje har analyse på kvar i organisasjonen dei gode og dei negative sidene i rapporten kjem fram.

I høyringsuttalen skriv rådmannen mellom anna slik:

«Rådmannen vil understreke at verneomboda er ein ressurs som vi nyttar».

Rapporten har avdekka at det kan vere krevjande å seie ifrå i organisasjonen, noko som blir uttrykt slik: *Nokre verneombod opplyste at nokre arbeidstakarar ikkje vågar å nytte vernetenesta av frykt for at dei skal kome i ei konflikt med einingsleiar.* Dersom det er slik, er ikkje verneomboda nokon ressurs for Rådmannen. Det er alvorleg.

Forvaltningsrevisjonen brukar ordet «bør» i sine anbefalingar til forbetringar. Omgrepet er for så vidt ok, men då kan ein også lese rapporten for arbeidsmiljøet sin del slik:

1. Arbeidstakarane har ikkje fått god nok informasjon om at dei kan kontakte AMU ved behov for hjelp i arbeidsmiljøet.
2. Årsrapportane om arbeidet i AMU er ikkje sendt til dei tillitsvalde. I tillegg er ikkje årsrapport for 2016 i det heile utarbeidd.
3. Saklistene til møta i AMU bør ha meir fokus på vernetenesta, arbeidsmiljø og HMS. Fokuset blir i staden forstyrra av orienteringssaker som ikkje vedkjem vernetenesta, arbeidsmiljø eller HMS. Orienteringssakene bør i staden takast opp i leiarmøta.

Like så avdekker rapporten at der er mangelfulle rutinar og ikkje minst mangelfulle gjennomføringsrutinar for verneomboda og hovudverneombod.

Rapporten gir Rådmannen gode anbefalingar om korleis dialog, rett tenesteveg, informasjon o.l. skal vere.

Rådmannen må også sikre seg at alle einingsleiarane har ein god dialog med verneomboda, slik at verneomboda kan utøve sine verv i tråd med dei føresetnadane som er gitt i regelverket.

Hovudføresetnaden er likevel at der er tillit mellom dei tilsette, verneombod og leiarane. Rapporten avdekkjer at det gjennomgåande ikkje er ein slik tillit i organisasjonen. Her må Rådmannen ta grep, slik at ein eventuell fryktkultur ikkje får utvikle seg. Tillit kan ein ikkje vedta. Tillit får ein kun gjennom god dialog og handlingsskapande arbeid med dei tilsette.

På bakgrunn av ovanstående legg kontrollutvalet saka fram for Sandøy kommunestyre med følgende innstilling:

1. Kommunestyret sluttar seg til kontrollutvalets uttale.
2. Kommunestyret tilrår rådmann å innarbeide dei merknadene som kjem fram i rapporten for å gjere arbeidsmiljøet betre i framtida. Dette omfattar tilrådingane til rapporten på områda arbeidsmiljøutval, verneombod og hovudverneombod.
3. Kommunestyret ber rådmann spesielt sjå nærare på påstanden om frykt for å seie i frå. Slike påstandar skal kommunen ta på største alvor.

Sak 03/19 - Diverse orienteringar frå rådmann Anny Sønderland.

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 4. februar 2019

I orienteringa om brøyteavtaler fekk kontrollutvalet ei grundig innføring i dette av teknisk sjef Kim Andre Breivik.

Leiar Svein Ove Søholt fremma på vegne av kontrollutvalet følgjande forslag til vedtak:

Kontrollutvalet er nøgd med orienteringa omkring brøyteavtaler i Sandøy kommune og avsluttar med dette saka.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet er nøgd med orienteringa omkring brøyteavtaler i Sandøy kommune og avsluttar med dette saka.

I orienteringa om rektorstillinga på Harøy skule blei møtet lukka med heimel i kommunelova § 31, punkt 3 og 4.
Rådmann Anny Sønderland ga kontrollutvalet ei brei innføring i stoda.

Leiar Svein Ove Søholt fremma på vegne av kontrollutvalet følgjande forslag til vedtak:

1. Kontrollutvalet tek orienteringa kring rektorstillinga ved Harøy skule til vitande.
2. Kontrollutvalet er bekymra for hyppige rektorskifte ved Harøy skule.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet tek orienteringa kring rektorstillinga ved Harøy skule til vitande.
2. Kontrollutvalet er bekymra for hyppige rektorskifte ved Harøy skule.

Sak 04/19 - Årsrapport 2018 Nordre Sunnmøre Kemnerkontor og skatterekneskap 2018 for Sandøy kommune.

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 4. februar 2019

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Møtet var slutt kl. 18.35

Svein Ove Søholt
leiar
(sign.)

Anne Elin Harnes
nestleiar
(sign.)

Nils Erling Finnøy
medlem
(sign.)

Anniken Liss Hagen
medlem
(sign.)

Jan Kåre Brunvoll
medlem
(sign)

Sak 06/19 - Ny kommunelov – nye reglar på området for kommunen sin eigenkontroll.

1. Bakgrunn

Den nye kommunelova vil ha delt ikraftsetjing. Første delen av lova, til og med dei nye reglane i sjettedel om interkommunalt samarbeid og sjuande del om eigenkontroll, bortsett frå kapittel 25 om internkontroll, vil tre i kraft frå og med det konstituerande møtet i det enkelte kommunestyret ved oppstart av valperioden 2019-2023.

Det same gjeld kapittel 27 om lovlegkontroll.

Andre deler av lova vil tre i kraft frå 01. januar 2020.

Dette gjer at storparten av den nye lova vil tre i kraft når det nye kommunestyret vert konstituert til hausten. Kapitlet om internkontroll vil tre i kraft seinare.

Det kan allereie no vere nyttig å kjenne hovudtrekka i dei nye reglane og vere budd på kva for verknad desse vil kunne ha for m.a. kontrollutvala og arbeidet med kommunen sin eigenkontroll.

Dei enkelte medlemmene i kontrollutvalet vil kome i hyppig kontakt med kommunelova sine reglar gjennom sitt arbeid i utvalet.

2. Kontrollutvala

2.1. Val av kontrollutval

Kontrollutvalet skal no ha minst fem medlemmer, mot tidlegare tre. Slik som etter tidlegare/nogjeldande lov skal valet gjerast av kommunestyret sjølv. Både leiaren og nestleiaren vert også valde av kommunestyret.

Reglane om kven som skal kunne veljast til kontrollutvalet er endra.

Nytt er det at leiaren ikkje kan vere medlem av same parti eller tilhøyre same gruppe som ordføraren. Det er framleis tilstrekkeleg at berre eitt av kontrollutvalsmedlemmene sit i kommunestyret.

Det er heller ikkje noko nytt at korkje ordførar, varaordførar, formannskapsmedlemer eller kommunalt tilsette kan sitje i kontrollutvalet. Men derimot er § 23-1 tredje ledd pkt. g) nytt når det fastslår at følgjande er utelukka frå val:

«g) personer som har en ledende stilling i, eller som er medlem eller varamedlem av styret eller bedriftsforsamlingen, i et selskap som kommunen har eierinteresser i»

Dette medfører at personar med sentrale stillingar eller verv i noko av kommunen sine selskap ikkje kan veljast inn i kontrollutvalet. Regelen gjeld berre personar som er leiar, eller har ei anna leiande stilling, i eit slikt selskap eller som er styremedlem eller varamedlem til styret.

Personar med tilsvarande posisjon i regionråd eller eit kommunalt oppgåvefellesskap, kan heller ikkje veljast til kontrollutvalet.

Desse avgrensningane i kven som kan veljast kjem i tillegg til dei generelle reglane om dette. Desse står no i §§ 7-2 og 7-3 i den nye lova.

2.2. Kontrollutvalet sitt ansvar og mynde (§ 23-2)

Reglane om dette er delvis ei vidareføring av kommunelova av 1992. Men det er no lovfesta ei generell plikt for kontrollutvalet til å påsjå at kommunestyret sine vedtak som gjeld revisjonsrapportar vert fylgde opp.

Leiaren i kontrollutvalet har slik som tidlegare møte- og talerett i kommunestyret når utvalet sine saker skal behandlast. Men lova presiserer no at denne retten kan leiaren gi til eit anna medlem:

«Utvalgets leder kan la ett av de andre medlemmene i utvalget utøve denne retten på sine vegne.»

Det er ikkje i lova stilt noko formkrav til denne fullmakta, men gode grunnar kan tale for at dette vert protokollert i utvalet eller i det minste meddelt skriftleg til m.a. medlemmet som skal møte.

2.3. Kravet på opplysningar

Kontrollutvalet sin rett til å krevje opplysningar, uavhengig av teieplikt, er den same.

«Kontrollutvalget kan også foreta undersøkelser som det mener er nødvendige.

Retten til opplysningar gjeld dei undersøkingane som må karakteriserast som «nødvendige». Departementet meiner at dette vilkåret medfører ei viss avgrensing av utvalet sin innsynsrett.

Kontrollutvalet sin rett til å vere til stades i lukka møte går i dag fram av kontrollutvalsforskrifta § 2 tredje ledd. Denne retten er no teken inn i sjølve lova. Det same gjeld kommunestyret sin rett til likevel å bestemme at kontrollutvalet ikkje har rett til å vere til stades i lukka møte i kommunestyret.

3. Forvaltningsrevisjon

Sjølve definisjonen av forvaltningsrevisjon er ikkje endra. Men forvaltningsrevisjon kan no også innebere å vurdere om lov og forskrift eller reglement i kommunen vert etterlevde.

Slik som etter nojeldande forskrift (jfr. § 10) skal kontrollutvalet utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon

«Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner.»

Departementet si tolking (Prp. 46 L) er at slik plan også skal omfatte verksemdene i dei selskapa som kommunen har eigarinteresser i. Kravet om ein slik felles plan er nytt.

Kravet om at plan skal utarbeidast inneber at kommunen har plikt til å gjennomføre forvaltningsrevisjonar.

For å finne ut kor behovet for forvaltningsrevisjon er størst skal planen basere seg på vurderingar av kva for område i kommunen der det er størst risiko for vesentlege avvik og kor alvorlege konsekvensar slike avvik vil kunne få.

Slik som tidlegare kan kommunestyret gi kontrollutvalet fullmakt til å gjere endringar i planen. Grunngevinga for dette er at vurderingar av risiko m.v. kan bli mindre aktuelle og at nye forhold kan kome til. Det kan då bli behov for avvik frå den opprinnelege planen.

4. Eigarskapskontroll

Den nye lova pålegg kommunane å gjennomføre eigarskapskontrollar som no er definert slik:

«Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.»

Også for eigarskapskontroll skal kontrollutvalet utarbeide ein plan som skal ligge føre innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, dvs. i løpet av 2020.

Kravet til planen er no skjerpa i og med at den no må vise kva for konkrete eigarskapskontrollar som skal gjennomførast.

Medan kontrollutvalset sekretariatet i dag kan gjennomføre eigarskapskontrollar, legg den nye lova denne oppgåva til kommunerevisjonen, som levering av ei bestilling frå kontrollutvalet.

5. Utvalet si rapportering til kommunestyret

Ved § 23-5 i ny kommunelov vert plikta til rapportering av kontrollarbeidet vidareført.

Lova presiserer no det som har vore mest vanleg, nemleg at kommunedirektøren (som i ny lov kjem i staden for tittelen rådmann) i kontroll saker skal ha høve til å gi uttale til ei saksutgreiing *før* kontrollutvalet behandlar saka. Dette er i tråd med det alminnelige prinsippet om at ei sak skal vere så godt opplyst som råd før det vert treft vedtak.

Når saker etter kontrollutvalet si behandling vert oversende til kommunestyret, kan kommunedirektøren gi supplerande opplysningar ved oversendinga. Men kommunedirektøren har ikkje høve til å endre kontrollutvalet si saksframstilling.

6. Innsyn i selskap

Til no har kontrollutvalet hatt rett til å krevje opplysningar frå kommunalt heileigde aksjeselskap og andre eksterne verksemder som er opprekna i no gjeldande kommunelov § 80 (første ledd første punktum), gitt at desse opplysningane er nødvendige for at kontrollutvalet skal kunne gjennomføre kontrollen sin. Denne innsynsretten for kontrollutvalet er vidareført.

Kontrollutvalet vil etter ny lov ha rett til å bestille undersøkingar i selskap/andre verksemder som utfører oppgåver på vegne av kommunen. Undersøking retten inkluderer rett til opplysningar som er nødvendige for å kunne kontrollere at verksemda oppfyller pliktene i kontrakta med kommunen og det er nytt.

Dette er nytt og det utvidar kontrollutvalet sin rett til opplysningar og til å foreta undersøkingar til også å omfatte andre eksterne verksemder enn dei som er angitt no gjeldande lov.

Dei nye reglane skal ivareta kommunen sine behov for innsyn når slike verksemder utfører oppgåver på vegne av kommunen. Det kan for eksempel dreie seg om aksjeselskap der kommunen er deleigar saman med private, selskap som er heilt utan kommunal eigarandel, stiftingar, og liknande.

Kommunestyret kan fastsetje reglar om kva for dokument som skal sendast til kontrollutvalet. Reglane om at kontrollutvalet skal varslast om møter i generalforsamling, representantskap og tilsvarande organ og har rett til å være til stades i desse møta vert vidareført.

7. Kontrollutvalsekretariatet

Delar av kontrollutvals forskrifta av 2004 er no tekne inn i sjølve lovteksten. Såleis er forskrifta § 20 blitt § 23-7 i ny kommunelov.

Det vert i ny lov slått fast at sekretariatet har ei særskild plikt til å påsjå at sakene som vert lagde fram for kontrollutvalet er forsvarleg utgreidde.

Det følgjer av bestemmelsen at sekretariatet skal ha kapasitet og kompetanse som dekkjer kontrollutvalet sine behov for å få lagt fram utgreiingar og saksførebuing.

Lova avgrensar sekretariatet sine oppgåver mot revisjon, nærare bestemt rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Eigarskapskontroll kan

ikkje lenger utførast av sekretariatet for kontrollutvalet, men høyrer inn under revisor sitt ansvar å gjennomføre etter den plan som er vedtatt.

Fjerde ledd i § 23-7 utdjupar nærare kven som ikkje kan utføre sekretariatfunksjonen. Korkje tilsette som arbeider i kommunen, revisjonen, medlemmer av kontrollutvalet eller kommunestyremedlemmer kan utføre ein slik funksjon.

Det er kontrollutvalet som innstiller på kommunestyret sitt val av sekretariat for kontrollutvalet. Dette myndet kan ikkje leggjast til andre, for eksempel kommunedirektøren.

8. Revisjonen

§ 24-2 angir Revisor sine oppgåver, ansvar og mynde går fram av § 24-2. Lovgivaren har valgt å oppretthalde visinga til god kommunal revisjonsskikk som grunnlaget for revisjonsarbeidet.

Paragrafen gir også overordna reglar om revisor sin innsynsrett og teieplikt. Det vil kome forskrifter som utdjupar bestemmelsen, jfr. pkt. 10 nedanfor.

Revisor skal planlegge, gjennomføre, dokumentere og rapportere arbeidet sitt i samsvar med lov og forskrift og god kommunal revisjonsskikk. Revisjon skal altså i tillegg til å utføre sitt arbeid i samsvar med lov og forskrift, følge god kommunal revisjonsskikk. God kommunal revisjonsskikk er ein rettsleg standard som omfattar både rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon. Ein rettsleg standard skal til eikvar tid ha eit innhald som svarer til rettsoppfatninga som er aktuell på området.

9. Ordførar og kommunedirektør

Ordføraren sitt mynde vert utvida. Han/ho får møte-, tale- og forslagsrett i alle folkevalde organ med unntak av kommuneråd og organ under dei. Dette gjelder ikke kontrollutvalget hvor ordfører fortsatt bare har møte og talerett. Ordføreren kan få mynde til å treffe vedtak i hastesaker og opprette utval på eige initiativ.

Tittelen rådmann vert erstatta av kommunedirektør. Skiljet mellom administrasjonen og folkevalde blir tydelegare. Kommunedirektøren sitt ansvar vert videreført og understreka. Personalansvar for administrasjonen og styrka ansvar for internkontroll er nytt.

Forslag til vedtak:

Med vising til ovanstående vert saka lagd fram for kontrollutvalet med tilråding om slikt

vedtak:

1. Kontrollutvalet har merka seg reglane i ny kommunelov når det gjeld området for den kommunale eigenkontrollen.
2. Kontrollutvalet bed kommunestyret ta saka til orientering.

Sunnmøre kontrollutvalsekretariat

Bjørn Tømmerdal
dagleg leiar

Kjetil Kvammen
juridisk rådgjevar

Vedlegg: Tilråding frå representantskapet i SKS IKS til fellesnemndene for (Nye) Ålesund kommune og Fjord kommune (skal ikkje handsamast av kontrollutvalet men bare som orientering).

1. Bakgrunn

Den nye kommunelova som for ein stor del trer i kraft frå hausten 2019 opprettheld kommunane si plikt til å halde kontrollutvala med eit tenleg sekretariat.

Kontrollutvala sjølve har framleis ei sentral rolle når det gjeld korleis denne tenesta skal organiserast.

Sidan 2008 har 12 kommunar samarbeidd gjennom Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS (SKS IKS) om eit felles sekretariat.

Frå 2020 vil talet på deltakarar i dette selskapet verte halvert, til 6 kommunar. Dette medfører at selskapsavtalen må endrast. Slike endringar er allereie førebudde.

Etter inndelingslova skal spørsmålet om organisering av kontrollutvalsekretariat vurderast på nytt i samband med kommunesamanslåingane. Det enkelte kontrollutval i samanslåingskommunane skal då vedta kvar sine innstillingar til korleis sekretariatoppgåvene skal organiserast etter 2020. Sjølv om det skal gjerast separate vedtak i kvar av utvala, vert det av praktiske grunnar med dette lagd fram ei felles tilråding.

Representantskapet vedtok i møte den 21.ds. styret sitt framlegg til tilråding til behandling i eigarkommunane. Framlegget er basert på at SKS IKS vert vidareført, men med ein endra selskapsavtale.

Til orientering følgjer saksutgreiing, styret og representantskapet sine vedtak, jfr. **vedlegg 1**.

Framlegget til endra selskapsavtale legg såleis til rette for at samarbeidet gjennom SKS IKS kan halde fram.

Når kvart enkelt kontrollutval skal gjere vedtak om framtidig ordning, så kan utvalet velje å bygge på ein føresetnad om at representantskapet si tilråding vert vedtatt av SKS IKS sine eigarkommunar, dersom sjølv om dette enno ikkje måtte vere klart.

For kommunar som slår seg saman i 2020 opphøyrer dagens kommune frå same tidspunkt. Deltakartilhøvet i selskapet SKS IKS opphøyrer derfor i prinsippet automatisk for desse frå 31.12.2019.

2. Fellesnemnder (inndelingslova § 26 femte ledd)

Fellesnemnda har det mandat og mynde som er tildelt frå kommunestyra, innanfor den ramma som er definert i inndelingslova § 26.

Om nemndene sin kompetanse heiter det m.a. følgjande i inndelingslova:

«.....Nemnda kan òg få fullmakt til å vidareføre deltaking i interkommunalt samarbeid om revisjon eller vidareføre avtale med annan revisor. Tilsvarande gjeld for sekretariatet for kontrollutvalet. Slikt vedtak skjer etter innstilling frå kontrollutvala.»

Ved samanslåing kan fellesnemnda etter denne regelen få delegert mynde til å inngå avtale om sekretariat. Det same gjeld mynde til å tilsetje eigen revisor. Slik kompetanse kunne kommunestyret elles ikkje ha delegert. Det gjer at dei nye kommunane kan ha avtale om kontrollutvalsekretariat og avtale med revisor frå dag éin.

Etter inndelingslova kan ikkje fellesnemnda velje kva for sekretariatsordning den nye kommunen skal ha.

Med denne heimelen er det kontrollutvalet aleine som er tillagt kompetansen til å innstille på korleis sekretariatet for kontrollutvalet skal organiserast etter 2020.

Det enkelte av dagens kontrollutval skal altså innstille på korleis fellesnemnda bør nytte si fullmakt i spørsmålet når det gjeld å løyse sekretariatbehovet.

Kontrollutvalet sitt høve til å «vidareføre deltaking i interkommunalt samarbeid» gjeld SKS IKS si verksemd, dvs. om eventuelt å vidareføre selskapsavtalen med SKS IKS.

Slik generell fullmakt har fellesnemnda for (Nye) Ålesund og Fjord allereie fått tildelt, jfr. nedanfor. Likevel er det kontrollutvala som etter lova har innstillingsrett når det gjeld spørsmålet om vidareføring av sekretariatsordninga, jfr. ovanfor.

Det er opp til utvala å vurdere og innstille på om sekretariatsordning som bør halde fram, gitt at det kjem i stand semje om nødvendige endringar i selskapsavtalen.

3. Mandat og reglement for fellesnemndene

Fellesnemndene vil sjølve ta stilling kor langt eige mandat rekk. Vi legg til grunn at fellesnemndene har fått slike fullmakter som inndelingslova § 26 femte ledd gir høve til.

3.1. Ålesund, Sandøy, Haram, Ørskog og Skodje (vedtatt 21.06.2017)

.....

3.7.5 *Vurdere kva for interkommunalt samarbeid som bør bli sagt opp, som bør bli oppløyst, som bør bli ført vidare som no eller eventuelt i endra form, og om det er nye tenester og oppgåver som bør bli utført ved interkommunalt samarbeid, jf. pkt. 7 i intensjonsavtalen.*

.....

3.9.7 *Å gjere vedtak om val av revisor og sekretariat for kontrollutvalet, på bakgrunn av innstilling frå kontrollutvala, jfr. inndelingslova § 26 femte ledd, første punktum. Fellesnemnda gjer vurdering av om det er hensiktsmessig vidareføre deltaking i interkommunalt samarbeid om revisjon og kontrollutvalssekretariat, jfr. inndelingslova § 26 femte ledd, tredje punktum.*

3.2. Norddal og Stordal (vedtatt den 25.08.2017)

k) *Tilsette prosjektleiar, rådmann og revisor i den nye kommunen. Kontrollutvala skal gi innstilling med omsyn til revisjonsordning og kontrollutvalssekretariat for den nye kommunen.*

4. Alternativ ved kontrollutvalet si behandling

Generelt kan ei fellesnemnd etter inndelingslova § 26 få fullmakt til

anten - å vidareføre deltaking i interkommunalt samarbeid om sekretariat

eller - å vidareføre avtale med anna sekretariatløyising

Vidareføring av interkommunalt samarbeid om sekretær- og utgreiingsbistand skjer ved at avtalen med SKS IKS vert vidareført.

Når det gjeld det andre alternativet eksisterar det i dette tilfelle inga «anna sekretariatløyising» å vidareføre.

Når det gjeld revisjon og kontrollutvalsekretariat så er rammen for fellesnemnda sine fullmakter likestilte, jfr. inndelingslova § 26 der det heiter: «*Tilsvarende gjeld for sekretariatet for kontrollutvalet.*»

Inndelingslova opphevar ikkje forbodet mot at kommunestyret delegerer val av revisjonsordning og revisor, jfr. kommunelova § 78. Desse oppgåvene skal alltid ivarekast av kommunestyret sjølv.

Etter inndelingslova har fellesnemnda difor ikkje kompetanse til å velje anna modell for korkje revisjon eller sekretariat enn som inneber ei vidareføring av det som gjaldt før 2020.

Dersom kontrollutvalet ikkje ønskjer å vidareføre interkommunalt samarbeid om sekretariatet, må avgjerda treffast av kommunestyra i dei nye samanslåtte kommunane.

Tilhøva ligg godt til rette for at kontrollutvala går inn for vidareføring av det interkommunale samarbeidet i regi av SKS IKS.

Dei kommunane som slår seg saman har same sekretariatløysning i forkant av samanslåinga, noko som gjer delar av prosessen og beslutningane enklare.

5. Vurderingar

Kommunane sin eigenkontroll har gradvis vorte styrka. Kontrollutvala har fått ein viktigare posisjon både som kontrollorgan og i samband med leiinga av kommunane sin revisjon. Kontrolloppgåvene har vorte gradvis meir omfattande og ny kommunelov bygg vidare opp om ei styrking av eigenkontrollen.

Kontrollutvalssekretariatet er ein viktig premissleverandør for kontrollutvala og kommunelova tillegg sekretariatet ein viktig funksjon i samband med saksutgreiing og anna tilrettelegging for ein effektiv eigenkontroll.

Kommunane er pålagde ved lov å sørge for tenlege sekretariat. SKS IKS vart stifta 14.02.2005. Røynsle frå desse åra med drift av sekretariatet syner at det er nødvendig med god kompetanse og ei rasjonell organisering. Gjennom interkommunalt samarbeid kan kommunane nå ei målsetjing om dette.

På landsbasis er ca. 80 % av sekretariatverksemdene organisert som samarbeid mellom kommunar og IKS som selskapsform vil halde fram og er mykje nytta.

SKS IKS synest å vere ei hensiktsmessig løysing på behovet for sekretariat for kontrollutvala og utvala bør vurdere det slik at denne organiseringa kan vidareførast. Samarbeid vil vere beste garantien for eit stabilt og kompetent sekretariat.

Rett nok vil samarbeidet omfatte færre tal på kommunar frå 2020, men omfanget av arbeidsoppgåver for SKS IKS blir stabilt eller aukande. Aukning skuldast generelt større aktivitet i samfunnet og derav fleire saker, auka kompleksitet og fleire henvendingar til sekretariatet.

Det skulle såleis vere gode grunnar til å gå inn for ei vidareføring.

6. SKS IKS sine drøftingar og vedtak om organisering

Det vert vist til representantskapet sitt vedtak i sak nr. 02/19, jfr. møte den 21.02.2019, med tilhøyrande tilråding frå styret i SKS IKS, jfr. **vedlegg 1**.

Representantskapet sitt vedtak går til eigarkommunane /fellesnemndene og gjeld eigarane si organisering av SKS IKS etter 2020.

Denne organiseringa av det framtidige interkommunale samarbeidet skal ikkje behandlast av kontrollutvala. Dokumenta er lagde ved for at kontrollutvala skal vere kjende med dei løysingane som er tilrådd vedtatt.

7. Revisjonen

Slik som for kontrollutvalsekretariatet skal kontrollutvala også vedta **innstilling** til fellesnemndene i spørsmålet om å «*vidareføre deltaking i interkommunalt samarbeid om revisjon eller vidareføre avtale med annan revisor.*»

Sekretariatet vil førebu desse sakene for kontrollutvala på same måten som når det gjeld tilråding om kontrollutvalsekretariat.

8. Habilitetsspørsmål

Saka om vidareføring av kontrollutvalsekretariatet i regi av SKS IKS er utgreidd av SKS IKS sjølv.

NKRF tilrådde tidlegare at det vert nytta **settesekretariat**. Tilrådinga er ikkje nærare grunnitt.

Avgjerd om dette må eventuelt takast av kontrollutvala. I høyringsnotat til endringar i inndelingslova la imidlertid departementet til grunn at dersom dei opphavlege kommunane har nytta same revisor og hatt same kontrollutvalsekretariat, så «skal dette først vidare» (Prop. 109L, 2012-2013, pkt. 7.2).

Vi les difor departementet sin uttale slik at settesekretariat berre er aktuelt dersom det kjem signal frå noko kontrollutval om at ny modell for sekretariatet skal vurderast. Spørsmålet om utlysing av sekretariattenestene må då utgreiast for kontrollutvalet med tanke på utarbeiding av konkurransegrunnlag og utlysing. I ein slik situasjon er det naturleg at noverande sekretariat vik sete.

Det vert difor lagt til grunn at sekretariatet ikkje kjem i habilitetsmessig konflikt ved ei saksførebuing for kontrollutvala som berre føreset vidareføring og at settesekretariat for dette arbeidet ikkje er nødvendig etter lova.

9. Forslag til vedtak

Med vising til ovanstående vert saka lagd fram for det enkelte kontrollutval med tilråding om å vedta slik

innstilling:

Fellesnemnda for (Nye) Ålesund kommune og fellesnemnda for Fjord kommune gjer slikt likelydande

vedtak:

1. Fellesnemnda syner til eigarkommunane sine vedtak om endring av selskapsavtale for Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS (SKS IKS).
2. Fellesnemnda sluttar seg til kontrollutvala sine felles tilrådingar om å vidareføre det interkommunale samarbeidet om kontrollutvalssekretariat i regi av SKS IKS.

Sunnmøre kontrollutvalsekretariat

Bjørn Tømmerdal
dagleg leiar

Kjetil Kvammen
juridisk rådgjevar

VEDLEGG: Tilråding frå representantskapet i SKS IKS til fellesnemndene for (Nye) Ålesund kommune og Fjord kommune (skal ikkje handsamast av kontrollutvalet men bare som orientering).

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Representantskapet

MØTEBOK

Møtedato: 21. februar 2019, kl. 12.30

Møtestad: Lerstadvegen 545, 4. etg. i SKS IKS sine lokalar

Møtet vart leia av Torgrim B. Finnes.

Elles til stades:

Thor Hansen, Ålesund kommune, Jonas Falch, Stordal kommune, Gudmund Relling, Norddal kommune, Rolf Bergmann, Sykkylven kommune, Sigrid Eidsvik, Haram kommune, Helge Kvame, Stranda kommune, Rolf Liebich, Skodje kommune, May- Sissel Osvik, Ørskog kommune, Ronny Blomvik, Sula kommune.

= 10 voterande

Forfall: Svein Ove Søholt, Sandøy kommune, Robin Mikal Sørli, Midsund kommune, Gunnar Morsund, Giske kommune.

Frå styret møtte styreleiar Inge Gjærde.

Frå administrasjonen møtte:

Dagleg leiar Bjørn Tømmerdal og juridisk rådgjevar Kjetil Kvammen

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

Sak 01/19 Godkjenning av møtebok frå møte 1. november 2018

Representantskapet sitt samrøystes vedtak:

Møteboka frå møtet 1. november 2018 blir godkjent.

**Sak 02/19 Forslag til selskapsavtale for SKS IKS etter 2020 v/styreleiar
Inge Gjærde.**

Sakspapir frå sekretariatet datert 23. januar 2019

Representantskapet sitt samrøystes vedtak:

Representantskapet i Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS rår eigarkommunane til å vedta slike endringar i selskapsavtalen som går fram av styret sitt framlegg, jfr. punkt 6 i saksutgreiinga.

Møtet var slutt kl. 13.15

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

1. Samandrag

Kontrollutvalsekretariatet legg med dette fram forslag til endringar i selskapsavtalen. Endringsframlegget gjeld tre hovudområde

- nye eigarkommuner og endra fordeling av eigarpartane i selskapet
- ny fordelingsmodell for kostnadsdeling med større vekt på betaling for medgått tid
- kommunestyret vel på fritt grunnlag medlemmer til representantskapet

Utover dette inneber endringsforslaget ikkje vesentlege endringar.

Endringane må vedtakast av kommunestyra. For samanslåingskommunane vert framlegget sendt til fellesnemndene. Tilråding frå SKS IKS sitt styre vert framsend gjennom representantskapet i selskapet.

Rådmannen i den enkelte eigarkommune / prosjektleiarane i fellesnemndene får høve til å bygge på representantskapet si tilråding i samband med innstilling til vedtak i kommunestyra og fellesnemndene.

Kommunane sine kontrollutval vil i særskild sak ta stilling til spørsmålet om vidareføring av Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS. Kontrollutvalet skal etter inndelingslova gi si innstilling til fellesnemndene i desse spørsmåla. Tilsvarande oppgåver andsynes fellesnemndene har kontrollutvala når det gjeld kommunerevisjonen.

2. Bakgrunn

SKS IKS har i dag 12 deltakarkommunar. Etter at Giske kommune den 27.09.2018 vedtok å halde fram med å stå åleine, vart det klart kva for endringar som frå 2020 vil kome når det gjeld nye kommuneinndelingar.

Dei kommunane som slår seg saman har same sekretariatløyning i forkant av samanslåinga. Dette forenkler prosessen og beslutningane i spørsmålet om eit framhald av sekretariat i regi av SKS IKS.

Kommunar som slår seg saman med verknad frå 2020 fell samstundes bort frå dette tidspunktet. Tilhøvet mellom desse deltakarane og selskapet SKS IKS tek difor automatisk slutt frå 31.12.2019. Dette gjeld deltakarkommunane Sandøy, Haram, Ørskog, Skodje og Ålesund. Den same situasjonen vil gjelde for Norddal og Stordal.

Midsund kommune går frå 2020 inn i Nye Molde kommune og vil då ikkje lenger vere deltakar i SKS IKS.

Talet på deltakarkommunar i SKS IKS vil frå 2020 såleis verte redusert til 6 og dette gjer det nødvendig å endre selskapsavtalen som vart sett i kraft 01.01.2009.

3. Endringsprosess og kompetansetilhøve

Visse endringar i selskapsavtalen kan i følgje IKS-lova berre vedtakast av deltakarkommunane sine eigne **kommunestyre**. Dette gjeld endringar som er opprekna i IKS-lova § 4 tredje ledd, slik som for eksempel:

- kva for kommunar som skal vere deltakarar
- selskapet sitt føremål
- den kommunen der selskapet har hovudkontoret sitt
- talet på styremedlemmer
- deltakarane si innskotsplikt og plikt til andre ytingar overfor selskapet
- den enkelte deltakaren sin eigar- og ansvarsdel i selskapet
- talet på medlemmer i representantskapet og kor mange medlemmer den enkelte deltakaren oppnemner

For å gjere vedtak i desse spørsmåla krev lova tilslutning frå alle deltakarkommunane i selskapet. Vedtak vert gjort med alminneleg fleirtal i det enkelte kommunestyret, jfr. kommunelova § 35. Vilkåret for eit gyldig endringsvedtak er såleis at kommunestyra i alle deltakarkommunane er samde, t.d. om den enkelte kommunen sin framtidige deltakarpart i selskapet. Dette går også fram av lovforarbeida til IKS-lova (Ot. prp. nr. 53 (1997-1998) side 92).

Dette betyr at ny eigarbrøk og ny fordeling av kommunene si innskotsplikt (dvs. regulering av det økonomiske ansvaret mellom deltakarane) må ha tilslutning frå alle deltakarane. Mindre inngripande endringar kan representantskapet vedta med eit fleirtal på to tredjedelar, om ikkje noko anna er fastsett i selskapsavtalen.

Eit grundig førebudd grunnlag for vedtaka i fellesnemndene for dei kommunane som skal slå seg saman, og i kommunestyra i dei andre kommunane, kan såleis vere nødvendig for å unngå at prosessen blir omstendeleig med ulike vedtak i fleire kommunar.

Kommunestyra sin kompetanse til å vedta endringar i selskapsavtalen er det ikkje høve til å delegere. Det vert vist til heimelen i inndelingslova om overføring av mynde til **fellesnemndene**.

I spørsmålet om interkommunalt samarbeid om m.a. revisjon og kontrollutvalsekretariat har fellesnemndene i medhald av lova fått fullmakter til å treffe avgjerder, jfr. nedanfor.

23.01.2019

Representantskapet i SKS IKS er sett saman av kontrollutvalsleiarane frå alle 12 deltakarkommunane. Representantskapet er eit eigarforum, men med eit mynde som er definert i lova (§ 7) og selskapsavtalen (§12).

Dersom det er på tale å endre andre tilhøve enn dei som er nemnde under § 4 tredje ledd, så kan vedtak om slike endringar gjerast av representantskapet med to tredjedels fleirtal, med mindre selskapsavtalen stiller strengare fleirtalskrav.

Styret i SKS IKS har ikkje mynde til å treffe avgjerder om selskapsavtalen som er inngått mellom selskapsdeltakarane. Men det er nødvendig og viktig at styret gir tilråding til eigarane, som ledd i arbeidet for å sikre gode driftsvilkår for sekretariatsamarbeidet.

Det er styret i SKS IKS som bestemmer organiseringa av det sekretariatet som blir valt for kontrollutvala. Dei viktigaste rammene for styret i så måte er selskapet sitt formål, selskapsavtalen og retningsliner fastsette av representantskapet. Nemnast kan også styret sitt ansvar for å sørge for at verksemda vert driven og utvikla vidare slik at den best muleg kan gjennomføre formålet, jfr. selskapsavtalen.

Dette forvaltaransvaret gjer det naturleg at styret også bør fremje innspel når framtidig eigarstruktur skal endrast.

Mot denne bakgrunnen har styret tidlegare i 2018 difor drøfta alternative modellar for framtidig organisering, sjå nedanfor.

Nær knytt til selskapsavtalen er organiseringa av sjølv kontrollverksemda som **k kontrollutvala** utfører. Både når det gjeld organiseringa av kommunen sin revisjon og sekretariatet har kontrollutvala ei sentral rolle. Etter kommunelova har kontrollutvala innanfor sine område innstillingsrett til kommunestyret. Og inndelingslova pålegg kontrollutvala å gi innstilling til fellesutvala for samanslåingskommunar om val av både revisjon og kontrollutvalasekretariat.

4. Styret sine tidlegare vedtak om framtidig organisering av sekretariat

Saksgongen til no for styret kan oppsummerast slik:

I styremøte den 09.05.2018, sak 07/18, vart det gjort vedtak om at når det gjeld framtidig sekretariatordning, så «*føreset styret at SKS IKS blir ført vidare med 6 kommunar*».

Føresetnaden for dette vedtaket var at det ikkje var mogeleg å gå saman med andre kontrollutvalasekretariat til ei større eining. Undersøkingar omkring dette vart gjort hausten 2018, men Vest kontroll på Søre Sunnmøre takka nei til vidare samtalar om samanslåing.

Til styremøtet 10.10.2018, sak 13/18, låg det føre utgreiing frå sekretariatet som m.a. bygde på at

- (Nye)Ålesund og Fjord kommunar frå 01.01.2020 trer inn som deltakarar i SKS IKS på selskapsavtalen sine vilkår
- ei ny fordeling av selskapspartar bør leggast fram for alle kommunane
- som innstilling i medhald av inndelingslova § 26 vil kontrollutvala seinare venteleg innstille på at fellesnemndene bør vedta å føre vidare selskapsavtalen med SKS IKS.

23.01.2019

Styret sitt samrøystes vedtak i sak 13/18 lydte slik:

«Styret sluttar seg til sekretariatet sine vurderingar og tek til vitande at desse, saman med innspel frå styret, blir lagde til grunn for saksutgreiinga for dei ulike kontrollutvala».

5. Eigartilhøve i sekretariatet og økonomiske verknader

5.1. Fordelingsprinsipp, fordeling av selskapspartar

Det er lagt opp til å gjere endringa så enkel og oversiktleg som muleg, samtidig som ein bygg på nojeldande avtale.

Fordelingsprinsipp:

1. Nye Ålesund «overtar» noverande selskapspartar for sine 5 tidlegare kommunar
2. Følgjande vert delt utover på de 6 («nye) kommunane:
 - Midsund sin selskapspart
 - Reduksjonen av Stordal og Norddal sine to selskapspartar i Fjord til ein.

Fordelingsbrøken for andelane vil gi Nye Ålesund 6 representantar i representantskapet medan dei andre kommunane vil få ein representant kvar og dette talet blir konsistent med eigardelar.

5.2. Framlegg til endringar i eigar- og ansvarsforhold

SKS IKS

FRAMLEGG TIL ENDRINGAR I EIGAR- OG ANSVARSFORHOLD

Dato: 4.12.2018

	<u>Nosituasjon</u>		Fordeling Midsund og Fjord	<u>Frå 01.01.2020</u>	
	<u>Selskapspartar</u>	<u>I prosent</u>		<u>Ny fordeling</u> <u>i prosent</u>	<u>Selskapspartar</u>
- Ålesund	02/13-delar	15,4	2,7		
- Sandøy	01/13-del	7,7	1,4		
- Haram	01/13-del	7,7	1,4		
- Ørskog	01/13-del	7,7	1,4		
- Skodje	<u>01/13-del</u>	<u>7,7</u>	<u>1,4</u>		
	06/13-delar	<u>46,2</u>			
Nye Ålesund		46,2	8,3	54,5	06/11-delar
- Norddal	01/13-del	7,7			
- Stordal	<u>01/13-del</u>	<u>7,7</u>			
	02/13-delar	<u>15,4</u>			
Fjord		7,7	1,4	9,1	01/11-del
- Midsund	01/13-del	7,7	0,0		0
Giske	01/13-del	7,7	1,4	9,1	01/11-del
Sula	01/13-del	7,7	1,4	9,1	01/11-del
Sykkylven	01/13-del	7,7	1,4	9,1	01/11-del
Stranda	<u>01/13-del</u>	<u>7,7</u>	<u>1,4</u>	<u>9,1</u>	<u>01/11-del</u>
	13/13-delar	100,0	15,3	100,0	11/11-delar

23.01.2019

5.3. Økonomiske verknader for deltakarkommunane

Etter økonomisk fordelingsmodell i § 17 a) vert det ved fordelinga av den halvparten av utgiftene som ikkje vert fordelt etter eigardel, i dag justert i høve til innbyggjartal.

I dette framlegget går ein bort frå denne ordninga med utjamning av kommunane sine bidrag etter talet på innbyggjarar.

Frå 2020 vil innbyggjartalet i fleire deltakarkommunar vere heilt annleis. Det mest naturlege er difor å gå bort frå utjamningsmodellen og fordele halvparten av utgiftene forholdsmessig etter sekretariatet sin tidsbruk på den enkelte kommunen. Fordeling etter medgått tid er ikkje uvanleg, heller ikkje ved avrekning av vederlag for ulike andre tenester, slik som innan revisjon.

Grunngjevinga for ei kostnadsdeling med innbyggjartal som justeringsfaktor vil i denne samanhengen ikkje vere heilt problemfri. Folketalet treng ikkje spegle korkje betalingsevne eller arbeidsmengda for sekretariatet for det enkelte året og omreknings- /justeringsfaktoren vil i nokon grad kunne vere vilkårleg.

Utfrå dette kan det vere naturleg også å vurdere ein forenkla utrekningsmodell, der fordelinga vert basert på berre to element; eigarpart og leverte tenester etter medgått tid.

Etter samråd med styret er følgjande modell sett opp:

Prinsipp for kostnadsdeling frå 01.01.2020

A. Forenkla utrekningsgrunnlag og justert fordeling

NOK	<u>Eigardel</u>	<u>1. halvpart</u>	<u>2. halvpart - etter medgått tid</u>		<u>Delsum II</u>	<u>Totalt 2020</u>
		<u>etter eigarbrøk</u>	<u>Budsjett 2019</u>	<u>Tidsbruk 2020</u>		
		<u>Delsum I</u>	<u>Prosent</u>	<u>Prosent</u>		
Ålesund *	6	683 494	49	45	563 881	1 247 375
Fjord *	1	113 915	15	11	137 837	251 753
Giske	1	113 915	7	11	137 837	251 753
Stranda	1	113 915	8	11	137 837	251 753
Sula	1	113 915	7	11	137 837	251 753
Sykkylven	1	113 915	8	11	137 837	251 753
(Midsund)	<u>0</u>	<u>0</u>	<u>6</u>	<u>0</u>	<u>0</u>	<u>0</u>
SUM	11	1 253 068	100	100	1 253 068	2 506 140

B. Dei foreslåtte endringane sett i høve til året før

	<u>Endringar frå 2019 - 2020</u>	
	<u>Budsjett 2019</u>	<u>Auke / minking</u>
		<u>Prosent</u> <u>Beløp</u>
Ålesund *	1 202 088	3,8 45 287
Fjord *	313 799	-19,8 -62 046
Giske	205 487	22,5 46 266
Stranda	201 426	25,0 50 327
Sula	210 487	19,6 41 266
Sykkylven	227 487	10,7 24 266
(Midsund)	145 359	-100,0 -145359
SUM	2 506 133	0

* Gjeld samanslåingskommunane

Merknader til framlegget:

Fordelinga av utgiftene til selskapet er todelt.

Av samla budsjetterte kostnader for året vert 50 % fordelt etter deltakarane sine eigarbrøkar (Delsum I).

23.01.2019

Denne fordelinga etter eigarbrøk (delsum I) er føresettt å ligge fast, uavhengig av tidsbruk.

Dei øvrige 50 % vert fordelt på grunnlag av stipulert tidsforbruk, fastsett i prosent (Delsum II).

Den stipulerte fordelinga (delsum II) tek omsyn til SKS IKS sitt budsjett for 2019 og er meint å spegle eit sannsynleg normalforbruk som er sett til 11 % i andre kommunar enn (Nye) Ålesund.

Ved avvik på 10 % eller meir i høve til stipulert medgått tid for den enkelte deltakar (delsum II), vil korrigerings av faktura bli gjort, jfr. selskapsavtalen § 17 pkt. a) første ledd.

Ein auke i tidsbruk vil då bli fakturert åleine på den kommunen som auken er knytt til.

Ein reduksjon i tidsbruk vil bli fordelt, slik at selskapet opprettheld totalbudsjettet sitt.

Framlegget til endring av selskapsavtalen § 17 a) første ledd, jfr. nedanfor, bygg på denne forenkla modellen.

5.4. Dei andre endringsforslaga i selskapsavtalen

Det er gjennom representantskapet at deltakarkommunane utøver sitt eigarmyndede i selskapet. Val av representantskapsmedlemer er eit viktig styringsmiddel i tillegg til utforminga av selskapsavtalen. Representantskapet si samansetjing går fram av § 11 i avtalen. Det går her fram at representantskapet består av leiarane for kontrollutvala, jfr. andre ledd som lyder:

«Representantskapet består av leiarane for kontrollutvala i deltakarkommunane. Nestleiar i kontrollutvala er personlege varamedlemmar».

For deltakarkommunen (Nye) Ålesund, som etter framlegget vil få 6 representantar, vil denne ordlyden ikkje vere dekkjande. IKS-lova (§ 6) seier berre at deltakarkommunane sine kommunestyre oppnemner sine representantar. Selskapsavtalen kan på same måte overlata til den enkelte deltakarkommune å avgjere kven som skal veljast. Noverande andre ledd i § 11 kan då gå ut og framlegget inneber ei slik løysing.

Som følgje av endringane i storleiken på selskapspartane og kostnadsdelinga følgjer det dessutan med nokre tilpassingar, nærast av redaksjonell art.

Dette gjeld - namna på deltakarane i selskapet
- fordelinga av medlemene i representantskapet
- tidspunkt for ikraftsetjing av endra avtale

Det vert vist til oppsummeringa nedanfor under pkt. 6.

5.5. Spørsmålet om konsekvensar for eige selskap, SKS IKS

I utgreiinga for kontrollutvala bør sekretariatet vurdere kva for konsekvensar endringane i deltakarkommunar vil få for eige selskap.

Verknadene for selskapet SKS IKS vil bli av både økonomisk og strukturell art. Men konsekvensane treng ikkje bli særleg gjennomgripande dersom ein held fast ved noverande

sekretariatsmodell utan å redusere dei økonomiske og personellmessige rammene som gjeld i dag.

Avgjerd om fordelinga av selskapspartar må likevel takast av eigarane, dvs. kommunestyra og fellesnemndene innafor tildelt fullmakt. Spørsmålet om vidareføring som alternativ vil sekretariatet utgreie for kontrollutvala, slik at dei kan fremje slik innstilling til fellesnemndene slik lova påbyr.

6. Oppsummering av forslag til endringar i selskapsavtalen for Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

Etter endringsframlegget slik det er forklart ovanfor skal dei endra paragrafane lyde:

§ 1 Heimel og deltakarar

Kommunane Fjord, Giske, Stranda, Sula, Sykkylven og Ålesund er med heimel i lov om interkommunale selskap deltakarar eit interkommunalt sekretariat for kontrollutvala med namnet:

Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

Selskapet har sitt hovudkontor i Ålesund kommune.

§ 4 Eigardelar og deltakaransvar

Den enkelte kommune sin eigar- og ansvarsdel i kontrollutvalsekretariatet er fastlagd som følgjer:

Fjord kommune:	1/11
Giske kommune:	1/11
Stranda kommune:	1/11
Sula kommune	1/11
Sykkylven kommune	1/11
Ålesund kommune	6/11

Delingsforholdet blir justert ved opptak av nye kommunar eller uttrede av kommunar i kontrollutvalsekretariatet.

§ 5 Representantskapet

Det øvste organet for selskapet er representantskapet, som består av 11 medlemmer.

- Fjord kommune vel 1 representant til representantskapet
- Giske kommune vel 1 representant til representantskapet
- Stranda kommune vel 1 representant til representantskapet
- Sula kommune vel 1 representant til representantskapet
- Sykkylven kommune vel 1 representant til representantskapet
- Ålesund kommune vel 6 representantar til representantskapet

§ 11 Representantskapet si samansetjing m.v.

Medlemmer og varamedlemmer blir valde av dei enkelte deltakarkommunane i samsvar med lov om interkommunale selskap § 6.

23.01.2019

Når nytt representantskap er valt etter eit kommuneval, skal det snarast kallast inn for konstituerande møte. Møtet blir kalla inn av tenestegjerande leiar med minst 4 vekers varsel.

Representantskapet er vedtaksført når minst 2/3 av medlemene er til stades.

Representantskapet vel sjølv leiar og nestleiar. Representantskapet vel styret sin leiar og nestleiar.

§ 17 pkt. a) første ledd

Kommunane betalar sin del av kostnadene etter ein delt modell:

- a) Årleg tilskott pr. kommune blir fastsett av representantskapet. Halvparten av utgiftene til fordeling blir fastsett i følge eigardel etter § 4.
Den andre halvparten vert fordelt utfrå medgått tidsbruk.
Ved over- eller underfakturering på 10 % eller meir for budsjettert medgått tid, vil korrigerings av faktura bli gjort.

§ 24 Verknadstidspunkt

Denne selskapsavtalen trer i kraft frå 01.01.2020.

7. Framlegg til vedtak i styret

Med vising til det som er nemnt ovanfor legg kontrollutvalsekretariatet saka fram for styret med framlegg om slikt

vedtak:

Styret i SKS IKS oppmodar representantskapet i SKS IKS om å vedta følgjande

tilråding:

Representantskapet i SKS IKS rår eigarkommunane til å vedta slike endringar i selskapsavtalen som går fram av styret sitt framlegg, jfr. punkt 6 i saksutgreiinga.

Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

Bjørn Tømmerdal
dagleg leiar

Kjetil Kvammen
juridisk rådgjevar

VEDLEGG: Selskapsavtale for SKS IKS med forslag til endringar.

23.01.2019

SELSKAPSAVTALE FOR SUNNMØRE KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS

§ 1 Heimel og deltakarar

Kommunane **Fjord**, Giske, ~~Haram, Midsund, Norddal, Sandøy, Skodje, Stordal~~, Stranda, Sula, Sykkylven, ~~Ørskog~~ og Ålesund har med heimel i lov om interkommunale selskap oppretta eit interkommunalt sekretariat for kontrollutvala med namnet:

Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS

Selskapet har sitt hovudkontor i Ålesund kommune.

§ 2 Rettsleg status

Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS er eit eige rettssubjekt.

§ 3 Formål

Formålet med selskapet er:

- Sikre sekretariatstenester til kontrollutvala i deltakarkommunane
- Kontrollutvalssekretariatet skal drivast i balanse, slik at inntekter frå kommunane dekkjer kostnadane (sjølvkost)
- Sikre at medlemskommunane vert drivne i samsvar med etablerte prinsipp for god styring og kontroll i offentleg sektor

§ 4 Eigardelar og deltakaransvar

Kommunane sin eigar- og ansvarsdel i kontrollutvalsekretariatet er fastlagt som følgjer:

Fjord kommune		1/11
Giske kommune:	1/13	1/11
Haram kommune:	1/13	
Midsund kommune:	1/13	
Norddal kommune:	1/13	
Sandøy kommune:	1/13	
Skodje kommune:	1/13	
Stordal kommune:	1/13	
Stranda kommune:	1/13	1/11
Sula kommune:	1/13	1/11
Sykkylven kommune:	1/13	1/11
Ørskog kommune:	1/13	
Ålesund kommune:	2/13	6/11

23.01.2019

Delingsforholdet blir justert ved opptak av nye kommunar eller uttrede av kommunar i kontrollutvalsekretariatet.

§ 5 Representantskapet

Det øvste organ for selskapet er representantskapet, som består av ~~13~~ 11 medlemmar.

Deltakarane vel sine representantar som følgjande:

- Fjord kommune vel 1 representant til representantskapet
- Giske kommune vel 1 representant til representantskapet
- ~~Haram kommune vel 1 representant til representantskapet~~
- ~~Midsund kommune vel 1 representant til representantskapet~~
- ~~Norddal kommune vel 1 representant til representantskapet~~
- ~~Sandøy kommune vel 1 representant til representantskapet~~
- ~~Skodje kommune vel 1 representant til representantskapet~~
- ~~Stordal kommune vel 1 representant til representantskapet~~
- Stranda kommune vel 1 representant til representantskapet
- Sula kommune vel 1 representant til representantskapet
- Sykkylven kommune vel 1 representant til representantskapet
- ~~Ørskog kommune vel 1 representant til representantskapet~~
- Ålesund kommune vel 2 6 representantar til representantskapet

§ 6 Styret

Styret blir valt av representantskapet. Styret har 3 medlemmer og 3 varamedlemmer. Repr. sentantar frå dei tilsette i selskapet har tilsvarande møterett i styret som etter kommunelova § 26, nr. 1.

Den som er utelukka frå val i kontrollutval i selskapet sine eigarkommunar, kan heller ikkje veljast inn i selskapet sitt styre.

§ 7 Innskottspflicht

Deltakarkommunane som nemnt i § 1 skyt ved etableringa av sekretariatet inn eit kapitalinnskott på totalt kr 250 000,-. Etter at etableringa har funne stad, skal det ved opptak av nye deltakarar fastsetjast av representantskapet om og eventuelt kva den nye kommunen skal betale i innskott.

Den enkelte deltakarkommune sitt innskott følgjer kommunen sin eigar- og ansvarsdel i samsvar med § 4.

§ 8 Ansvarsdeling

Dei enkelte deltakarane i selskapet hefter med heile si formue for sin aktuelle del av selskapet sine samla plikter.

23.01.2019

§ 9 Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS si leing

Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS skal ha eit eige representantskap og eit styre, jfr. lov om interkommunale selskap §§ 6 og 10.

Kommunelova kap. 12 - Internt tilsyn og kontroll. Revisjon, gjeld for selskapet.

Det skal tilsetjast ein dagleg leiar for Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS, jfr. lov om interkommunale selskap § 14.

§ 10 Tilslutting til arbeidsgjevarsamanslutting

Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS skal vere tilslutta ei arbeidsgjevarsamanslutting.

§ 11 Representantskapet si samansetjing mv.

Medlemmane m/varamedlemmar blir valt av dei enkelte deltakarkommunane i samsvar med lov om interkommunale selskap § 6.

~~Representantskapet består av leiarane for kontrollutvala i deltakarkommunane. Nestleiar i kontrollutvala er personlege varamedlemmar.~~

Når nytt representantskap er valt etter eit kommuneval, skal det snarast kallast inn for konstituerande møte. Møtet blir kalla inn av tenestegjerande leiar med minst 4 vekers varsel.

Representantskapet er vedtaksført når minst 2/3 av medlemmane er til stades.

Representantskapet vel sjølv leiar og nestleiar. Representantskapet vel styret sin leiar og nestleiar.

§ 12 Representantskapet sine oppgåver og mynde

1. Representantskapet leiar Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS ut i frå selskapsavtalen og lov om interkommunale selskap.
2. Representantskapet vedtek budsjett/økonomiplan og prinsipp for fordeling av kostnader med 2/3 fleirtal. Budsjett skal sendast dei deltakande kommunarinnan 1. oktober året før vedkommande budsjettår. Dersom ein ikkje oppnår 2/3 fleirtal, blir saka avgjort med alminneleg fleirtal i nytt møte. Årsbudsjettet skal setjast opp i samsvar med dei rammer som er fastsett i kommunelova kap. 12 med tilhøyrande forskrifter, jfr. selskapsavtalen § 17.
3. Representantskapet kan ta opp lån, dersom dette er godkjent i alle deltakarkommunane.
4. Overskott/underskott skal regulerast mot eit disposisjonsfond og disponering kan gjerast ved inntektsføring på budsjett/rekneskap etter vedtak i representantskapet.

23.01.2019

§ 13 Styret sine oppgaver

1. Forvaltning av selskapet høyrer under styret, som har ansvar for ein tilfreds stillande organisasjon av selskapet si verksemd. Styret skal sjå etter at verksemda blir driven i samsvar med selskapet sitt formål, selskapsavtalen, selskapet sitt årsbudsjett og andre vedtak og retningsliner for god verksemdstyring fastsett av representantskapet.
2. Styret skal sørge for at bokføringa og formuesforvaltninga i selskapet er gjenstand for ein tilfredsstillande kontroll. Det skal utarbeidast årsmelding for styret sitt arbeid, inkludert økonomiske oversikter for verksemda. Årsmeldinga og rekneskapen skal sendast deltakarkommunane til orientering.
3. Styret skal føre tilsyn med dagleg leiar si leing av selskapet.
4. Styret tilset og seier opp dagleg leiar og det øvrige personale.
5. Styret fastset lønns- og arbeidsvilkår for dei tilsette.

§ 14 Dagleg leiar

Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS skal ha ein dagleg leiar som blir tilsett av styret. Dagleg leiar skal administrere og leie kontrollutvalsekretariatet i samsvar med selskapsavtalen, dei retningsliner og pålegg som styret har gjeve, og elles etter dei lover og reglar som gjeld for verksemda.

Dagleg leiar skal gjennomføre kontrollutvalsekretariatet sitt formål og dei oppgaver som blir pålagt i selskapsavtale, vedtak og budsjett.

Dagleg leiar gjev innstilling i saker som skal behandlast, og er sekretær for styret og representantskapet.

§ 15 Inhabilitet

Om inhabilitet for tilsette i selskapet og medlemmar i selskapet sine styrande organ gjeld forvaltningslova kapittel **li** og kommunelova § 40, nr. 3.

§ 16 Tilvising/prokura

Dagleg leiar eller stadfortredar tilviser Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS sine utgifter, med unntak av utgifter som vedkjem dagleg leiar personleg eller der det er tvil om dagleg leiar sin habilitet. Slike utgifter skal tilvisast av styret sin leiar eller nestleiar i leiaren sitt fråvær.

Sekretariatet blir forplikta ved underskrift av styret sin leiar eller dagleg leiar. Styret meddelar prokura.

Dagleg leiar representerer kontrollutvalsekretariatet ovanfor andre i saker som kjem inn under dagleg leiar sitt ansvar i samsvar med § 13.

Det blir elles vist til lov om interkommunale selskap § 16 vedk. selskapet sin representasjon.

23.01.2019

§ 17 Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS sine inntekter

Kommunane betaler sin del av kostnadane etter ein delt modell:

- a) Årleg tilskott pr. kommune blir fastsett av representantskapet. Halvparten av utgiftene til fordeling blir fastsett i følge eigardel etter § 4. ~~med eit tillegg på 2% av utgifter til fordeling for Ålesund kommune og 1% for dei andre kommunane med meir enn 6.000 innbyggjarar. For kommunar under 3.000 innbyggjarar blir det gitt eit frådrag på 1% med unntak av Sandøy og Stordal kommune der frådraget utgjer 1,5%.~~

Den andre halvparten vert fordelt utfrå medgått tidsbruk.

Ved over- eller underfakturering på 1 0% eller meir for budsjettert medgått tid, vil korrigering av faktura bli gjort.

Den enkelte kommune betalar sin budsjetterte del av utgiftene nemnt i pkt. a til Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS med ein tredjedel med forfall den 1. mars, 1. juli og 1. november i budsjettåret. Avrekning og oppgjer skjer straks endeleg rekneskap ligg føre etter utgangen av det enkelte driftsår.

- b) Utgifter ved sekretariatsarbeidsom er bestilt særskilt av ein kommune (kontrollutval) blir fakturert særskilt den aktuelle kommunen med 50 % ved oppstart av oppdraget og 50 % når oppdraget er avslutta.
- c) Dersom eit oppdrag blir utført for ein kommune og andre kommunar drar nytte av resultatet i sitt arbeid, kan utgiftene etter ei konkret vurdering fordelast skjønnsmessig. Styret godkjenner utgiftsfordelinga i slike saker.

§ 18 Val av revisor

Representantskapet vel revisor for revisjon av Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS sitt rekneskap.

§ 19 Godtgjersle mv.

Godtgjersle til representantskapet, styret sine medlemmar og tillitsvalde frå dei tilsette, skjer i samsvar med fastsett reglement vedteke av representantskapet.

§ 20 Nye deltakarar

Opptak av nye kommunar som deltakarar må godkjennast av alle deltakarkommunane.

§ 21 Endringar - opphøyr mv.

Representantskapet kan med 2/3 fleirtal foreslå endringar eller tilføyingar i selskapsavtalen. Representantskapet sitt vedtak skal oversendast dei deltakande kommunar til endeleg avgjersle. I dei tilfelle der det ikkje blir gjort samsvarande vedtak i alle kommunestyra, gjeld det som fleirtalet har slutta seg til.

Omleiding, utelukking og opplysning av kontrollutvalsekretariatet skjer i samsvar med dei saksbehandlingsreglar som gjeld i lov om interkommunale selskap.

§ 22 Tvistar

Tvist om tolking av selskapsavtalen skal så langt råd løysast ved at partane søker ei felles forståing. Dersom ein ikkje blir einige, skal tvisten avgjerast med bindande verknad ved valgift etter reglane i tvistemålslova.

§ 23 Andre reglar

Elles gjeld dei til ei kvar tid gjeldande lov om interkommunale selskap og kommunelova kap. 12 med tilhøyrande forskrifter.

§ 24 Verknadstidspunkt

Denne selskapsavtalen trer i kraft frå ~~01.01.2009~~ **01.01.2020**.

xx. xxx. 2019

23.01.2019